


# Oppgradering av Lærdalstunnelen

JUNI 2024

E16 LÆRDALSTUNNELEN



Lærdalstunnelen er no snart 25 år gammal, og treng oppgradering for å vera ei påliteleg ferd-selsåre også i tiåra framover. Dette får derre store konsekvensar for samfunnet. Statens vegvesen ynskjer difor å kontakte husstander direkte, gjennom dette skrivet.

## Kvifor må Lærdalstunnelen oppgraderast?

Den 24,5 km lange Lærdalstunnelen har svært mykje teknisk utstyr. Det er mellom anna lys, naudstasjonar, vifter, elektriske skilt, leidningar og røyr. Alt utstyr vert påverka av elde, og må bytast ut. Risikoen for at viktige funksjonar kan svikte i tunnelen er aukande. Krava til tryggleik på vegnettet har også auka dei siste 20 åra, i form av nye lover og forskrifter me må følgja.

## Sprengingsarbeidet vil bli mest utfordrande

For å få plass til nytt teknisk utstyr, er det naudsynt å sprenga. Ca. 200.000 kubikkmeter med berg skal sprengast ut i løpet av ein toårsperiode. Dette skal mellom anna gje rom for 26 tekniske bygg og nye ha-

varilommer. Lærdalstunnelen går under eit høgt fjellmassiv, og me veit frå bygginga på 90-talet at det er sokalla «sprakefjell» - altså berg med høge spenningar. Dette betyr at trafikken ikkje kan sleppast forbi områda der det blir jobba i tunnelen, slik som det har vore vanleg under oppgradering andre plassar. Før nokon kan køyre forbi, må områda sikrast med fjellboltar og sprøytebetong.

## Stengetider og varigheit

Oppgraderinga av Lærdalstunnelen vil ta omtrent fem år. Dei første to åra vil tunnelen vera stengt kvar natt mellom kl. 18.00 og 06.00. Naudetatar vil slepe igjennom på gitte vilkår.

På dagtid vil tunnelen vera open, og etter kvart som sprengingsarbeidet blir ferdig, kan me sleppa meir trafikk gjennom på kveld og natt.


Ei utfordring gjennom anleggsperioden blir at gamalt teknisk utstyr må haldast «i live» fram til nytt utstyr er installert, for at me skal kunne halda ope på dagtid. Når arbeidet er ferdig, får me ein topp moderne tunnel teknisk, der vegtrafikksentralen har mykje betre verktøy for å overvaka tunnelen med kamera og detektorar. Saman med rømningslys, ny ventilasjon og sambandsutstyr gir dette betre trafikktryggleik.

## Persontransport mellom Aurland og Lærdal

Det er fleire utfordringar med transport på sjø, mellom anna strenge krav til kva type fartøy som kan nyttast i verdsarv-området. Me har difor sett på om det kan gjennomførast busstransport gjennom tunnelen til visse tider på kveld og natt. Dette er noko me framleis jobbar med, for å finna løysingar som er trygge i perioden med sprenging. Men dette må samstundes tilpassast slik at sprengings- og sikringsarbeida er mogleg å gjennomføra.

## Kor går trafikken ved stengt tunnel?

Statens vegvesen har gjort ei utgreiing rundt trafikken aust-vest ved stengt Lærdalstunnel. I tillegg har me hatt høyringsrundar der me har tatt imot innspel frå folk, bedrifter og næringsliv. Dette har danna grunnlaget for stengeregimet som no er valt, med tolv timars kvelds- og nattestenging.



Sprengningsarbeidet gjer oppgradering av tunnelen utfordrande. Her ser vi modell av teknisk bygg og snunisje. Illustrasjon: Statens vegvesen

Me forventar at ved stengt Lærdalstunnel vil rv. 7 over Hardangervidda vera det alternativet flest vil føretrekke på natt. Samstundes trur me at ein del av tungtrafikken vil legge om rutene sine, slik at dei kjem seg gjennom Lærdalstunnelen når den er open på dagtid.

I periodar der vegen over Hardangervidda må stengast på vinteren, vil Lærdalstunnelen haldast open for å sikre forbindelsen aust-vest. Det vil også bli sett opp nokre ekstra avgangar på ferjestrekninga Hella-Vangsnes på natt, for dei som vil køyra Vikafjellet.

## Kva må på plass før me kan starte?

- Område for lagring av steinmassar me tek ut må vera avklart på begge sider. Desse prosessane er i gang i dei to kommunane.
- Me må ha ferdig kolonneoppstillingsplassar på begge sider. I Lærdal er reguléringsplan som sikrar areal vedteken, og me reknar med vedtak i Aurland i løpet av våren.
- Me må ha avklart alt rundt persontransport.
- Jobben skal lysast ut og me skal inngå kontrakt med entreprenør. Det blir konkurranse med forhandlingar, og denne prosessen tek seks til ni månader. Dette sikrar at me får ein entreprenør som har forstått den krevjande oppgåva dette er, og som har kapasitet og strategi som sikrar effektiv anleggsdrift.

**Dette vil seia at oppgraderinga tidlegast kan starte i byrjinga av 2026.**



Lærdalstunnelen, fjellhall. Foto: Lars Olve Hesjedal, Statens vegvesen

## Kontakt

### Stig Berg-Thomassen

Prosjektsjef Tunneloppgradering Vest

E-post: [stig.berg-thomassen@vegvesen.no](mailto:stig.berg-thomassen@vegvesen.no)

Tlf. 97 58 39 88

### Susanne Svardal

Prosjektleiar oppgradering Lærdalstunnelen

E-post: [susanne.svardal@vegvesen.no](mailto:susanne.svardal@vegvesen.no)

Tlf. 95 19 18 61